
Vår referanse 2021/16542-4
Dato 05.05.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - gnr 185 bnr 88 - Isdal - Alver kommune

Vi viser til brev datert 23.03. 21 og 05.05.21 i samband med søknad om oppføring av ny bustad på gnr. 185, bnr. 8 i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Vi seier oss leie for sein tilbakemelding i saka.

Vi kan ikkje sjå at nybygget kjem i konflikt med Askeladden id. 224204, Isdalsgardane, og potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vart vurdert til å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift